

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet kan ikkje sjå at utgreiingsgruppa i tilstrekkeleg grad har oppfyllt mandatet når det gjeld å vurdere om det er funksjonar som i dag ligg i Norsk kulturråd som betre kan løysast annen stad. Særleg er vurderingar om tilhøvet mellom forvaltningsnivåa mangelfulle. Hordaland fylkeskommune vil særleg etterlyse vurderingar av kva rolle fylkeskommunane kan spele som regionale utviklingsaktørar.
2. Fylkesutvalet meiner at Norsk kulturråd ikkje bør utviklast i retning av eit kulturdirektorat, men i hovudsak ha som oppgåve å fordele kulturfondet. Dersom det er trong for eit direktorat på kulturfeltet i Noreg, krev dette omfattande utgreiing og direktoratet må, for å ivareta det prinsipielle skillet mellom armlengdesoppgåver og direktoratsoppgåver, vurderast etablert som eit heilt nytt og sjølvstendig organ i norsk kunst- og kulturpolitikk.
3. Fylkesutvalet ser ikkje at det er føremålstenleg å vidareutvikle rådet som kulturfagleg strategiorgan. Dette bør vere ei hovudoppgåve for Kulturdepartementet. Fylkesutvalet vil åtvare mot ei avpolitisering av kulturfeltet. Kulturpolitikken bør vere forankra i folkevalde organ på lokalt, regionalt og nasjonalt plan.
4. Fagutvala må ha stor autonomi når det gjeld fordeling av fondsmidlane, og må sikrast eit best mogleg grunnlag for utøving av det kunst- og kulturfaglege skjønnet, og armlengds avstand frå politiske prosessar. Det er her viktig at fagutvala sikrast representativitet, så vel med tanke på kunstfagleg kompetanse som med tanke på geografi. Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om ein "forslagsdatabase".
5. Fylkesutvalet ser positivt på tilrådde modellar for val og oppnemning av kandidatar til rådet og fagutvala. Dette kan gjere prosessane meir opne og transparente.
6. Fylkesutvalet meiner at all driftsfinansiering til kulturliv og institusjonar bør tilbakeførast til Kulturdepartementet, til dømes post 74 og 56, slik utgreiingsgruppa har tilrådd.
7. Fylkesutvalet er samd i at eigeninitierte tiltak der Kulturrådet har ein produsentrolle, vert fasa ut.
8. Utviklingsmidlar på kulturområdet, til dømes innan kunst-, arkiv- og museumsfeltet, bør fordelast mellom stat, fylkeskommune og kommune etter ei nærmare vurdering av oppgåvane sin karakter.
9. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om at Kulturrådet ikkje skal ta initiativ til, leie og gjennomføre prosjekt på museums- og arkivfeltet. Midlane skal heller lysast ut som utviklingsprogram med konkrete, kulturpolitiske mål. Fylkeskommunane bør ha ansvaret for dette.